

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 10.03.2016

Vår ref.: 201505619-6

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Frank Jørgensen

Tlf 22 95 94 31 e-post: frjo@nve.no

Skafså Kraftverk ANS – Søknad om løyve til bygging av Borsæ og Hylebu kraftverk i Tokke kommune i Telemark – høyring

NVE har motteke to søknadar frå Skafså Kraftverk ANS, datert 19.10.2015 og 30.12.2015, om løyve til bygging av Borsæ og Hylebu kraftverk i Tokke kommune.

Borsæ kraftverk

Kraftverket vil nytte vassfallet i Uråi mellom Urvatn og Borsæ. Frå inntaket i Urvatn legjast røyrkata på sørsida av elva. Røyrret vil få ei lengde på om lag 1650 meter og ein diameter på 1400 mm og skal gravast ned på heile strekket. Middelvassføringa er 2,37 m³/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 4,0 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,69 MW og etter planane gje ein produksjon på 7,6 GWh årleg.

Hylebu kraftverk

Kraftverket vil nytte vassfallet mellom Gausbuvatn og Hylebuhølen. Frå inntaket i Gausbuvatn legjast røyrkata på nordsida av elva. Røyrret vil få ei lengde på om lag 310 meter og ein diameter på 2200 mm. Middelvassføringa er 7,25 m³/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 12,0 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,81 MW og etter planane gje ein produksjon på 4,16 GWh årleg.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Borsæ og Hylebu kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Tokke kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på kommunehuset i Tokke kommune fram til **30.4.2016**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthungsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsvieien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **30.4.2016**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Frank Jørgensen
seniorrådgiver

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Orientering til høyringspartane

Mottakerliste:

Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forum for Natur og Friluftsliv Telemark
Fylkesmannen i Telemark
Naturvernforbundet i Telemark
NJFF – Telemark
Norges Miljøvernforbund
Norges Padleforbund
Skafså Kraftverk ANS v/Aslak Ofte
Skagerak Nett AS
Statens vegvesen - Region sør
Telemark fylkeskommune
Telemark Turistforening
Tokke kommune
Vest-Telemark Kraftlag AS